



DET KONGELEGE SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statssekretæren

Hordaland fylkeskommune
v/Fylkesordføreren
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2018/17586-3

Vår ref
15/477-

Dato
14. februar 2019

Svar på brev med fråsegn om U-864 utanfor Fedje

Eg viser til brev frå fylkesordføreren av 1. februar 2019 til Statsministerens kontor, Klima- og miljødepartementet og Hordalandsbenken med samrøystes fråseng om U-864 i Fylkesutvalet i Hordaland 31. januar 2019. Klima- og miljødepartementet har sendt brevet til Samferdselsdepartementet som rette departement.

Transport- og kommunikasjonskomiteen hadde følgjande merknad om vidare handtering av vraket av U-864 i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2019 i Stortinget:

"Komiteen viser til at Kystverket anbefaler å tildekke U-864, og at regjeringen legger til grunn oppstart av dette arbeidet i 2019. Komiteen viser også til at det lokalt er stor bekymring for konsekvensene av at kvikksølvet ikke blir fjernet, og at det i noen fagmiljøer blir hevdet at det er mulig å heve hele eller deler av lasten, og at dette kan gjøres på en forsvarlig måte. Komiteen vil derfor be regjeringen vurdere om det har tilkommet ny informasjon eller ny teknologi som tilsier at heving av hele eller deler av lasten er miljømessig forsvarlig, før arbeidet med tildekking iverksettes."

På bakgrunn av denne merknaden har Samferdselsdepartementet i tildelingsbrevet for 2019 bede Kystverket om å innhente ei ekstern vurdering av om det har kome ny informasjon eller teknologi sidan Kystverket si tilråding frå 2014 som inneber ei endra miljørisikovurdering av heving av heile eller deler av lasta sammenlikna med ei tildekking.

Kystverket er òg bede om å involvere aktørar med innspel om ny informasjon og om ny teknologi i arbeidet med den eksterne vurderinga.

Med helsing



Allan Ellingsen

Kopi

Statsministerens kontor

Klima- og miljødepartementet